



Arkivsaknr: 2024/5982-1
Sakshandsamar: Eirik Bouwer Utne
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Kultur som drivkraft - kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035.
Rullering av handlingsprogram 2024-2028

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Utval for næring, kultur og idrett		
------------------------------------	--	--

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett godkjenner rullering av Kultur som drivkraft, handlingsprogram for 2024–2027 og anleggsstrategi 2024.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett

Saka gjeld

Handlingsprogrammet til *Kultur som drivkraft*. Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023–2035 gjeld for fire år av gangen, og skal rullerast kvart år.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Handlingsprogrammet høyrer i lag med den strategiske og tematiske hovuddelen av kommunedelplanen, men med ein kortare tidshorisont (2 + 2 år). Handlingsprogrammet skal vere levande og oppdaterast kvart år. Det er delt opp i aktivitetar (strategiar for gjennomføring) og tiltak (handlingar). Tiltakslista skal innehalde gryteklare prosjekt eller planleggingsoppgåver, mens meir langsiktige behov rullerast inn når dei vert klare.

Handlingsprogrammet skal tydeleggjere prioriteringar og skape forankring internt og eksternt. Det skal ha eit gjennomføringsperspektiv, og omhandlar ikkje økonomi direkte. I dei tilfella det er behov for kommunal finansiering, vil ein i handlingsprogrammet til dømes først legge fram tiltak om å estimere kostnadar for vidare arbeid, som så kan danne grunnlag for framtidige økonomiplanprosessar.

Anleggsstrategien var i åra 2020-2023 Alver kommune sin samordna anleggs- og idrettsplan, vedteken for første gong i 2019. Dokumentet gjeld i dag planlegging av anleggsutvikling og spelemidlar, både for kommunen og ideelle aktørar innan idrett og kultur.

I tillegg omhandlar dokumentet prinsipp for samarbeidet mellom kommune og idrettslaga. Dette har bakgrunn i store skilnadar mellom dei tre gamle kommunane på idrettsfeltet. Det var derfor ei eigen prosess i 2019 mellom kommunen, dei tre gamle idrettsråda og fellesidrettsrådet i forkant av kommunesamanslåinga. Prinsippa har vorte justert i dei siste åra i samråd med idrettsrådet.

Sakshistorikk

Kommunedelplanen vart vedtatt i kommunestyret den 22. juni 2023, i KO-087/23. Denne saka omhandlar første rullering av handlingsprogrammet.

Partar

Innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv

Vurdering

Handlingsprogrammet omfattar mange tiltak frå planprosessen. Talet på tiltak har bakgrunn i at planen omhandlar breie fag- og samfunnsfelt, og at den legg grunnlag for aktivitet og retning på mange plan, i ein relativt ny kommune utan tidlegare heilskapleg kulturpolitikk. Det er naturleg at handlingsprogrammet gradvis vert mindre, både ved gjennomføring og ved endra føresetnader og prioriteringar. Rulleringsdokumentet viser dette ved å peike på kva som er gjennomført, kva som er under arbeid, kva som kjem seinare og kva som er foreslått å ta ut. Årstal er i fleire høve justert, men hovudsakleg frå 2023 til 2024/25 der det er naudsynt og aktuelt.

Anleggsstrategien er oppdatert med tildelinga av spelemidlar i juni 2024, status for utviklinga og anna kjent informasjon.

Gjennomgang og status for tiltak i handlingsprogrammet og anleggsstrategien vart sendt på ettersyn den 13.08–25.08.2024. Det kom inn tre innspel til handlingsprogrammet og eitt til anleggsstrategien

Avsender	Innspel/oppsummering	Kommunedirektøren si vurdering
Postmuseet Vestland	(1) vere del av samarbeidsprosjekt om digitalisering av samlingar (2) at kommunen skal arbeide med konsolidering av Postmuseet Vestland til MUHO (3) at planens overordna formulering om å bidra til utvikling av postmuseet bør speglast i handlingsprogrammet.	(1) Tatt til orientering, kommunen har enno ikkje kapasitet til tiltaket, det er naturleg å invitere breitt når ein får sett prosjektet i gong. (2) Det vert vurdert til at kommunen ikkje kan vere del av ein konsolideringsprosess mellom postmuseet og andre konsoliderte museum. (3) Tatt til orientering

Alver kulturråd	(1) ønskjer språkbruksplan inn att i handlingsprogrammet (2) punkt om digitalt arkiv for lyd, bilde og tekst (3) samarbeid om regionalt kulturhus	(1) Ikkje tatt til følge. Språkbruksplan må forankrast i overordna strategi for framtidig planarbeid då den gjeld kommunikasjon og tenesteutvikling heile kommuneorganisasjonen og ikkje i eit kulturperspektiv åleine. Planen kan takast inn att i kulturhandlingsprogram om den vert overordna prioritert. Kulturplanen omtalar elles målsetjingar for nynorsk i eit kulturperspektiv. (2) Tatt til orientering. Vurdert til å vere dekt av punkt om digitaliseringsarbeid, og at kommunen ikkje sjølv bør ta hovudansvar for denne type digitalarkiv, men bruke samarbeid med arkivaktørar (IKAH, nasjonalbibliotek, universitet/samlingar) (3) Tatt til orientering, verbalpunkt om kulturhus til oppfølging haust 2024, avheng av midlar. Kulturrådet skal vere del av vidare arbeid.
Alversund mållag, Radøy mållag, Meland mållag	Peiker på tidlegare vedtak om at Alver kommune skal ha nynorsk som administrasjonsspråk. Språkbruksplan er eit svært viktig steg for å styrke nynorsken i Alver, og at behovet for ein slik plan er aukande.	Ikkje tatt til følge. Språkbruksplan må forankrast i overordna strategi for framtidig planarbeid då den gjeld kommunikasjon og tenesteutvikling i heile kommuneorganisasjonen og ikkje i eit kulturperspektiv åleine. Planen kan takast inn att i kulturhandlingsprogram om den vert overordna prioritert. Kulturplanen omtalar elles målsetjingar for nynorsk i eit kulturperspektiv
Museumssenteret Hordaland	Ønskjer Naturrom inn att på spelemiddellista, finansieringsplan nærmar seg fulldekt.	Tatt til etterretning, lagt inn att. Fullfinansiering er kriterium for spelemiddelsøknadar

Økonomiske konsekvensar

Saka om handlar ikkje økonomi

Miljømessige konsekvensar

Planen har påverknad på miljø og klima, ved utbygging, ressursbruk og reiseverksemd.

Planen søker eit kultur- og idrettsliv som reduserer klimaavtrykk og påverknad på ytre miljø.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Ingen kjente konsekvensar

Risiko

Ingen kjent risiko

Vurdering av særskilte grupper

Planen omtalar særskilte grupper og inkludering

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår å rullere handlingsprogrammet og anleggsstrategien slik det ligg til saka.